



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat frå møte i Øystre Slidre ungdomsråd

Dato / tid: torsdag 2. februar 2023 kl.16.15

Stad: Tingvang

Møtt: Eirik Mørstad Bråthen, Ingrid Stalenet, Jostein Sørensen, Erlend Aasan

Ikkje møtt: Margit Onstad

23/03 Ungdomens kommunestyre 2023

Bakgrunn for saka:

Vedtak i sak 22/17 seier:

Ungdomsrådet legg opp til at forhandlingsmøtet vert gjennomført jamfør med dei nye føringane.

Ungdomsrådet vil ta del i planlegging og gjennomføring av forhandlingsmøtet 2023.

Ungdomsrådet vedtek at alle midlane som er avsett til «ungdomsdemokrati» på 64.000kr skal inngå som pott i forhandlingsmøtet. Midlane skal fordelast på eitt eller fleir «strakstiltak» som vert prioritert i forhandlingane om strakstiltaka.

Forhandlingsmøtet skal gjennomførast i løpet av april 2023, med utgangspunkt i følgjande føringar:

Forhandlingsmøtet 2023 er sett til torsdag 20.april, kl.09.00 – 12.30

Behandling:

Ungdomsrådet ynskjer å vere ein aktiv part i førebuinga og gjennomføring av Ungdomens kommunestyre 2023, både som medarrangør og som part som kjem med innspel i møtet.

Ungdomsrådet meiner det er viktig å hente inn innspel frå andre ungdomar i alderen 13-20 år, slik at tiltaka dei legg fram i møtet har breiare forankring enn berre frå ungdomsrådet sine medlem.

Vedtak:

Ungdomsrådet vil arrangere eit innspelsmøte for ungdom, laurdag 18.mars. Her vil ungdomsrådet invitere ungdomar som representerer ulike aldersgrupper og interessefelt til å drøfte kva som er bra med å vekse opp i Øystre Slidre, og kva som kan gjere det betre. Resultatet vil legge grunnlaget for innlegget i Ungdomens kommunestyre i april, og vere eit budsjettinnspel til kommunens arbeid med økonomiplanen 2024-28.

Ungdomsrådet vil ha eit nytt arbeidsmøte torsdag 2.mars for å planlegge dette innspelsmøtet.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

23/04 Idrettshall og uteområde ved ØSUS

Bakgrunn for saka:

I oppvekstplanen heiter det at kommunen skal legge ein plan for utvikling av uteområdet ved ØSUS i 2023. Kommunen skal også greie ut behov og kostnad for ei eventuell etablering av idrettshall i midtbygda.

Ettersom ei mogleg plassering av idrettshallen kan vere i nærleiken til Tingvang og ØSUS, er det viktig å sjå desse prosjekta i samanheng.

Saksutgreiing:

Kommunen ynskjer å gjere ei brei brukarmedverking for å kartlegge alle ynskjer, behov og mogleg bruk av desse nye funksjonane. Det er særst viktig å vite kva ungdomen meiner, då det i stor grad er born og unge som skal nytte desse anlegga.

I dette ungdomsrådsmøtet var målet å informere om at det vil bli sett i gang ein prosess, og stille ungdomsrådet spørsmål om kva dei meiner er viktig å ha med seg, eller legge opp til, for at ungdom si stemme kjem fram i dette kartleggingsarbeidet.

Vedtak:

Ungdomsrådet meiner at rådet bør ha ein representant i arbeidsgruppa som skal jobbe med dei ulike prosjekta.

Elevane og elevråda ved ungdomsskulen MÅ vere med på eit tidleg stadium i prosessen kring uteområdet.

Om det skal gjerast ei undersøking i ungdomsskulen kring ynskjer for uteområdet, bør dette skje som ein godt planlagt prosess. Det bør byggast opp ein forventning til det som skal skje på førehand, slik at dei får tid til å tenkje seg om.

Skrivar
Øystein Skattebu
Sekretær for ungdomsrådet